

Ungdomsskuledrift i den nedlagde vidaregåande skulen i Syvde?

Rapport oversendt 06.04.2022

Mandat og metode

Mandat

Telemarksforskning er beden av kommunedirektøren om å gjere ei vurdering av om den tidlegare vidaregåande skulen i Syvde (VGS-bygget) kan eigne seg som lokale til ungdomsskuledrift;

- anten for elevane ved Myklebust skule
- eller som ein felles ungdomsskule for heile kommunen

Vurdering av byggeteknisk tilstand er ikkje ein del av bestillinga.

I tillegg er Telemarksforskning blitt beden om å gjere ei vurdering av kva som kan vere ein fornuftig skulestruktur i Vanylven kommune, gjerne med rapporten fra KS-konsulent som bakteppe.

Metode

Vi har vore på synfaring i VGS-bygget, der skuledrifta i regi av fylkeskommunen blei lagt ned juni 2020. Her fekk vi omvising av vaktmester og kommunalsjef for oppvekst.

I tillegg besøkte vi dei andre skulane i Vanylven kommune, pluss idrettsanlegget (hallen og anna bygningsmasse) på Eidså. På skulane blei vi vist rundt av inspektør/rektor, og nyttå då høve til uformelle og ustrukturerte intervju.

Før besøket til Vanylven kommune har vi hatt dokumentkjennomgang av tidlegare utgreiingar og planar knytt til skulestrukturen. Vi har supplert kunnskapsgrunnlaget med elevtalsinformasjon frå *Grunnskolens Informasjonssystem* (GSI) og *Statistisk Sentralbyrå* (SSB).



Bilete: VGS-bygget

Skulestrukturen i Vanylven kommune

Det er tre kommunale grunnskular i Vanylven kommune; Fiskå skule, Myklebust skule og Åheim skule.


I følgje GSI-tala er elevtalet i Vanylven redusert med 180 elevar dei siste 13 åra (2009/10). Mykje på grunn av endringar i skulestrukturen har Åheim skule gått frå å ha flest elevar til å ha minst. I tillegg er elevtalet i krinsen redusert med 75 elevar i denne perioden.

Myklebust skule har no flest elevar, godt hjulpet av at dei overtok elevane i frå Eidså og Rovde skule då dei ble lagt ned i 2013.

Elevane ved Åram oppvekstsenter blei flytta til Fiskå skule i 2011 då oppvekstsenteret blei lagt ned.



Bilete: Myklebust skule



Fiskå skule	Myklebust skule	Åheim skule
1-7 skule med 80 elevar skuleåret 2021/22	1-10 skule med 110 elevar skuleåret 2021/22	1-10 skule med 75 elever skuleåret 2021/22
<ul style="list-style-type: none">- 41 elevar på småsteget- 39 elevar på mellomsteget	<ul style="list-style-type: none">- 22 elevar på småsteget- 28 elevar på mellomsteget- 60 elevar på ungdomssteget	<ul style="list-style-type: none">- 33 elevar på småsteget- 22 elevar på mellomsteget- 20 elevar på ungdomssteget

Elevtalsframskriving ungdomsskuleelevar



Den øvste figuren til venstre viser framskriving av elevtalet på ungdomssteget fram til skuleåret 2034/35 (tar utgangspunkt i kjente barne- og elevtal i skular og barnehagar og inkluderer ikkje inn- og utflytting). Elevtalet er venta å gå ned i frå 85 elevar skuleåret 2022/23 til 65 elevar i 2029/30. På grunn av eit stort 2017-kull, er det venta eit par år med auke i elevtalet, før det er tilbake på rundt 65 elevar i 2034/35. Om vi ser ungdomssteget samla sett, vil desse vil talet på klassar variere mellom 4 og 5 fram til 2025/26 og mellom 3 og 4 resten av perioden.

Figuren nedst til venstre viser kjente elevtal saman med elevtalsframskrivinga til SSB ved tre vekstalternativ, gitt ulike føresetnader for mellom anna innvandring og inn- og utflytting til kommunen. Framskriving med hovudvekstalternativet viser at elevtalsgrunnlaget for ungdomssteget er venta å stabilisere seg på rundt 75 elevar. Ved alternativet for høg vekst er det venta at talet på elevar på ungdomssteget vil ligge rett i underkant av 90 elevar, medan elevtalet ved låg vekst vil bli redusert til i underkant av 60.



Bilete: Åheim skule

Elevtalsframskriving fordelt på skulane

UNGDOMSSTEGET		22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35
Myklebust skule		22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35
8.årssteg		18	22	24	19	14	17	12	20	30	20	17	18	18
9.årssteg		29	18	22	24	19	14	17	12	20	30	20	17	18
10.årssteg		16	29	18	22	24	19	14	17	12	20	30	20	17
Sum elevar		63	69	64	65	57	50	43	49	62	70	67	55	53
Klassar		3	3	3	3	3	3	3	3	3	3	3	3	3
Aheim skule		22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35
8.årssteg		8	13	4	10	11	5	8	3	7	7	5	0	8
9.årssteg		6	8	13	4	10	11	5	8	3	7	7	5	0
10.årssteg		8	6	8	13	4	10	11	5	8	3	7	7	5
Sum elevar		22	27	25	27	25	26	24	16	18	17	19	12	13
Klassar		2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	1	1
Ungdomssteget samla		22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35
8.årssteg		26	35	28	29	25	22	20	23	37	27	22	18	26
9.årssteg		35	26	35	28	29	25	22	20	23	37	27	22	18
10.årssteg		24	35	26	35	28	29	25	22	20	23	37	27	22
Sum elevar		85	96	89	92	82	76	67	65	80	87	86	67	66
Klassar		4	5	4	4	3	3	3	3	4	4	4	3	3
Innsparing klassar		1	0	1	1	2	2	2	2	1	1	1	1	1
Ref gamle klassedeflingsreglar														

Vær OBS på at små endringar i elevtal kan føre til deling av klassar.

Regelverk

Vurderinga av om den tidlegare vidaregåande skule er eigna for ungdomsskuledrift er gjort med utgangspunkt i følgande regelverk:

- *Opplæringslova kapittel 9A*: Elevane sitt skolemiljø. Lova seier mellom anna at alle har rett på eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivnad og læring.
[Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 9 A. Elevane sitt skolemiljø - Lovdata](#)
- *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler m.v* har som overordna mål å bidra til eit betre oppvekst- og læringsmiljø for elevane i skulen (Helsedirektoratet) og set mellom anna funksjonskrav for ute- og inneareal i barnehagar og skular.
Forskrifta si føresegn er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremmar helse, trivnad, sosiale og miljømessige forhold samt førebygger sjukdom og skade.
[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v – Lovdata](#)
- *Miljø og helse i skolen* (Helsedirektoratet) er rettleiar til lov og forskrift og fremmar heilskafeleg tolking og etterleving av regelverket i skulen.
[Miljø og helse i skolen - Helsedirektoratet](#)



Bilete: Frå skulebiblioteket på Åheim skule


1. etasje

Etasjen innehold

- 1 (2) klasserom (skiljevegg) (merka grønt)
- Spesialrom; verkstad og sveis (merka blått)
- WC (herre, dame og HC)
- 2 garderoberom
- Personalavdeling: (merka gult)
 - Rom med 11 kontorpllassar
 - Rom med 5 kontorpllassar
 - Pauserom
 - 2 kontor
 - Resepsjon
 - Stillerom
 - Arkiv
 - Lager
 - 2 toalett, 2 garderoberom



Bilete: Verkstad på VGS-bygget




2. etasje

Etasjen inneholder

- 5 (6) klasserom (Datarom er i dag delt i to) (merka grønt)
- 2 spesialrom (naturfag og mat og helse) (Merka blått)
- 2 (3) grupperom (eit kontor)
- Kantine/formidlingsrom/«aula»
- WC (2 herre, 2 dame, HC)



Bilete: Skulekjøkkenet på VGS-bygget




3. etasje

Etasjen inneholder

- 2 klasserom (merket grønt)
- 1 grupperom
- 1 kontor
- Bibliotek (merket rosa)
- WC

I dag held vaksenopplæringa til i 3.etasje.



Vurdering av om den tidlegare vidaregåande skulen er eigna til ungdomsskuledrift

Undervisningsrom

Ved berekning av maksimale elevtal i eit undervisningsrom, bør heile læringsarealet som blir disponert bli tatt omsyn til. I tillegg til rommet si utforming, innhald og ventilasjon.

Rettleiande arealnorm for klasserom er minimum $2,5\text{ m}^2$ per elev i klasserom som ikkje har tilleggsareal (grupperom og liknande) rett i nærleiken, samt spesialrom der det kan utførast aktivitetar som krev meir plass. Når det er tilleggsareal i nærleiken, kan klasserommet bli planlagt etter ein minimum arealnorm på 2 m^2 per elev. Areal for tilsette kjem i tillegg.

Så lenge inneklimaet er tilfredsstillande og aktiviteten i rommet er tilpassa, kan elevtalet i enkeltrom (t.d. i formidlingsrom/auditorium) vere høgare enn norma på 2 m^2 tilseier.

«Kjente» tal på elevar per årssteg frem til 2034/35, tilseier at det er nok klasserom i 1. og 2. etasje for heile ungdomssteget. Det er altså venta å vere plass til vidare drift av voksenopplæringa i 3. etasje.

Konklusjon: Det er nok undervisningsareal til at alle elevane på ungdomssteget i kommunen kan få plass i VGS-bygget.

		m ²		Tal elevar (2,5 m ²)	Tal elevar (2 m ²)
				2,5	2
1.etg	1	98,9	Kan delast i to med uttrekksvegg	37	47
2.etg	2	40,0	18 elevar om kontor blir nytta som grupperom	14	18
2.etg	3	67,6		25	31
2.etg	4	43,2		15	19
2.etg	5	40,3		14	18
2.etg	6	70,7	Er i dag delt i to mindre klasserom. 33 elevar om rom 2 blir nytta som klasserom	26	33
3.etg	7	43,8		15	19
3.etg	8	48,2		17	22

Det er lagt til grunn to voksne i kvart klasserom ved berekning av maksimalt elevtal. Den blå merkinga syner til kva arealnorm det er tatt utgangspunkt i ved berekning av elevtal per klasserom. Ingen grupperom blir brukt av meir enn 1 klasse.

Spesialrom

Skular med elevar frå 5.årssteg bør ha spesialrom. Spesialiserte læringsareal er rom som er innreia med tanke på andre aktiviteter enn det som blir lagt til rette for i klasserommet. Det er ikkje sett bestemte arealkrav til slike rom i rettleiaren, då det vil variere ut i frå kva aktivitet som skal skje i rommet. Vurdering av areal må bli basert på om sikkerheit og krav til inneklima som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).

- Naturfag, 2.etg VGS-bygget
- Musikk, bruke musikkrommet på Myklebust skule
- Kroppsøving, gymnastikksal og basseng på Myklebust skule
- Kunst og handtverk
 - Verkstad og sveis i 1.etg, gir moglegheiter for omdisponering eller bruke sløydrommet på Myklebust skule
 - Tekstil, anna forming; vurdere å omdisponere rom i 1.etg (rom 1) eller bruke tekstilrommet på Myklebust skule
- Mat og helse, med 3 stasjonar/12 elevar. Vil krevje fleire delingstimar. Vurdere å utvide (klasserom 5)?
- Bibliotek, 3.etg

Konklusjon: Bruk av einskilde spesialrom bør sjåast i samanheng med spesialrom ved Myklebust skule. Det er likevel også ledige areal i VGS-bygget som kan omdisponerast til spesialrom etter trøng.



Bilete: Sløydsalen på Myklebust skule

Sanitæranlegg

Det er anbefalt minimum eit toalett per 20 elevar og minst eit skal vere tilpassa for rullestolbrukarar. Toaletta skal vere lett tilgjengelege og minst eit skal bli nådd i frå uteområda.

Den nedlagde vidaregåande skulen har 3 toalett i 1.etg, 5 toalett i 2 etg. og 2 toalett i 3. etg. Kvar etasje har toalett som er tilpassa rullestolbrukarar.


Areal for tilsette

Rettleiande norm er minimun 6 m^2 per tilsett. Ved tilgang til stillerom og vrimlerom, og graden av samtidig bruk av felles areal er låg, kan arealet vere mindre.

Personalavdelinga inneholder 2 rom med til saman 16 kontorplassar, pluss stillerom og pauserom. Dette er innafor kravet når vi tar med areal for pauserom og stillerom i tillegg.

Universell utforming

Bygget er universelt utforma med toalett tilpassa rullestolbrukarar, inngang i alle tre etasjane og heis mellom etasjane.



Bilete: Arbeidsromma for tilsette ved VGS- bygget

Skulen sitt uteområde er viktig

Utforming og storleik på skulen sitt uteområde er viktig for å legge til rette for fysisk aktivitet, leik, sosialt samvær, rekreasjon og kvile. Studiar viser at gode uteareal reduserer vold, mobbing og uro blant elevane og stimulerer trivnad, motivasjon og læreevne (Helsedirektoratet). Utearealet må i tillegg vere trafikkssikker.

Generell anbefaling om minimum nettoareal per elev på 50m² justert etter skulestorlek og plassering (IS-1130 helsedirektoratet).

For nye skuler er anbefalinga:

- Færre enn 100 elevar samla minimumsareal ca. 5000 m².

Uteområdet ved den gamle vidaregåande skulen er målt til 917 m².

- Eit elevtal på 60 elevar vil trenge eit uteareal på 3000 m².
- Eit elevtal på 80 elevar vil trenge eit uteareal på 4000 m².

Rettleiaren spesifiserer i tillegg at areal i seg sjølv ikkje er nok til å ha eit tilfredsstillande uteområde. Det er minst like viktig med variert tilrettelegging og organisering av utearealet. Ved skular med mindre areal enn anbefalt norm er dette spesielt viktig. Tilleggsareal i rimeleg nærleik, som t.d idrettsanlegg, skog og utmark, som skulen kan disponere, vil normalt kunne bli rekna med i arealet.



Bilete: Uteområde ved VGS- bygget

Rettleiaren stiller følgande funksjonskrav til utearealet:

- Rom for utøving av allsidig og variert fysisk aktivitet
- Rom for ulike type sosial/trivselsfremmende aktiviteter
- Rom for å tilegne seg ny kunnskap og utøve virkeleghetsnær læring.

Konklusjon: Det er ikkje stort nok uteareal til å flytte u-trinnet på Myklebust skule ned til VGS-bygget (og dermed naturlegvis heller ikkje stort nok areal for heile ungdomssteget i kommunen).

Utearealet består i dag i stor grad av asfaltdekke, og det er trong for monaleg oppgradering for å sikre god kvalitet og på uteområdet.

Utfordring med små uteområde

Norsk miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBIU) tar i rapporten *Uteområder i skoler og barnehager – hvordan sikre kvaliteten i utformingen?* føre seg konsekvensene av små uteområde.

Små uteområde fører mellom anna til at natur og vegetasjon som er viktig ikke får stor nok plass. Mange elevar på eit avgrensa område vil kunne påføre vegetasjonen skader og slitasje. På små uteområde er det vanskeleg for elevar å trekke seg tilbake åleine, eller å vere i mindre grupper.



Bilete: Uteområde ved VGS- bygget

Andre vurderingsmoment

Parkeringsplasser

På grunn av lite uteområde, bør det vurderast om tilsette kan parkere ved Myklebust skule. Nokre avmerka parkeringsplassar kan det leggjast til rette for utanfor VGS-bygget.

Uteområdet skal ha nok sykkelparkering til elevar som syklar.

Trafikksikring

Syvdefjordvegen (Rv 652), som går på nedsida av VGS-bygget, har ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 1150, der 9% er lange køyretøy (Vegvesen, 2021). Mellom vegen og skulens område går det ein gang- og sykkelveg og eit område med plen. Gjerde, busker el. liknande vil ramme inn skulen sitt uteområde og sørge for fysisk skilje mellom uteområde og gang- og sykkelveg.

Skulen melder om at det kan vere kaotisk ved haldeplassen der bussane slepp av og hentar elevane. Kommunen bør sjå på tiltak for å skape tryggare på- og avstiging for elevane.



Vår tilråding om ungdomsskuledrift i den gamle vidaregåande skulen

Læringsareal

- Om alle ungdomsskuleeleverne blir samla i VGS-bygget, bør det vere 3 store klasserom med kapasitet til 30 elevar
 - Rom 1: 37 elevar
 - Rom 3 : 31 elevar
 - Rom 6: 33 elevar om rom 2 blir nytta til grupperom. Skiljeveggen må fjernast.
- Ein kan vurdere å nytte kantina til klasserom, men det er gjerne ynskjeleg med eit fellesareal der ein kan ete i lag og ha samlingar. I tillegg blir kantina brukt av biblioteket til arrangement.
- Det er ei fordel å ha kunst og handverksromma i nærleiken av kvarandre. Det er mogleg å gjere om klasserom nr 1 i 1.etg til rom for tekstil og anna forming. Ulempa er færre store klasserom. I tillegg treng verkstaden i 1.etg tilpassing for å fungere som sløydsal.
- Skulekjøkkenet er lite. Det har 3 stasjonar og plass til 12 elevar. Vil krevje fleire delingstimar når storleiken på klassane er meir enn 24 elevar. Bør vurdere å slå saman med rom 5.
- Vi råder til at spesialrom blir sett i samanheng med tilgjengelege spesialrom på Myklebust skule

Konklusjon:

Det er nok undervisningsareal til å samle heile ungdomssteget i VGS-bygget. For å sikre store nok klasserom til rundt 30 elevar må einskilde spesialrom bli sett i samanheng med spesialromma på Myklebust skule. Det vil då vere nok areal i VGS-bygget til at berre 1. og 2. etasje treng å bli brukt. Vaksenopplæringa kan dermed framleis bruke klasseromma i 3. etasje.



Bilete: Ein benk ved Myklebust skule

Uteområde

I følgje rettleiinga til lov og *forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler* kan areal i rimeleg nærleik normalt bli rekna med i arealet.

Konkret legg vi følgjande til grunn:

- Sjå utearealet ved Myklebust skule i samanheng med utearealet ved VGS-bygget.
- Frigjere areal ved å rive den eldste delen ved Myklebust skule (2 bygg). Det vil også gjøre det lettare å sikre god og trafikksikker tilkomst mellom VGS-bygget og uteområdet
- Utgreie nærmare og finne løysing på nye lokalar for skulekjøkkenet, SFO, kontorplass for rektor og kulturskulen sine lokalar.

Konklusjon:

Det er ikke stort nok uteareal til å flytte u-trinnet på Myklebust skule ned til VGS-bygget (og dermed naturlegvis heller ikke stort nok areal for heile ungdomssteget i kommunen).

Utearealet består i dag i stor grad av asfaltdekke, og det er trong for monaleg oppgradering for å sikre god kvalitet på uteområdet.

Ei aktuell og interessant løysing vil vere å rive den eldste delen ved Myklebust skule (2 bygg) for å frigjere uteareal og sikre god tilkomst frå VGS-bygget til uteområdet ved Myklebust skule. Vi tilrar det.



Bilete: Gang- og sykkelvegen frå VGS –bygget til Myklebust skule

Vår tilråding om framtidig skulestruktur

Vi tilrår følgjande:

- **1–7 skule tre plassar; Åheim, Fiskå og Syvde (Myklebust).**
 - Eventuell oppvekstsenter-organisering ved Åheim og Syvde (Myklebust) leggast førebels noko på is, og temaet tek tidlegast opp igjen ute i neste kommunestyre-periode
- **Felles ungdomsskule i VGS-bygget for alle ungdomsskuleelevarne i Vanylven kommune.**
 - Frå skulestart 2023/24.
 - Innfasing av elevar frå Åheim frå dette tidspunktet, dvs. at ikkje alle tre klassetrinna på ungdomssteget på Åheim vert flytta over frå august 2023
- Vi tilrår primært slik innfasing over to år:
 - 2023/24: 8. trinn startar i Syvde (13 elevar)
 - 2024/25: Dei som då skal starte i 8. trinn og 10. trinn startar i Syvde (4+8=12 elevar)
- Subsidiært ser vi for oss slik innfasing over dei to åra:
 - 2023/24: 9. og 10. trinn startar i Syvde (8+6=14 elevar)
 - 2024/25: Dei som då skal starte i 8. og 9. trinn startar i Syvde (4+13=17 elevar)

Rett etter eit kommunestyre-vedtak i mai/juni i år som vonaleg gjev grønt lys for ei slik strukturløsing for skuledrifta i Vanylven kommune, startar arbeidet med å leggje til rette for ein felles ungdomsskule i VGS-bygget i Syvde – heriblant då frigjere areal på Myklebust til bruk som primæruteområde for ungdomsskulen.

All tilpassing og forflyttingar skal fysisk vere klart til skulestart 2023/24. Det vert avsett ei gitt, realistisk investeringsramme for prosjektet alt ved regulering av investeringsbudsjettet for inneverande år. I kalkuleringa av ramma skal også inngå påreknelege utgifter ved utskifting av takdekket på VGS-bygget og for nytt golvbelegg ved det som i dag er bygningsmassa for ungdomstrinnet på Myklebust. Utgiftsramma må mellom anna også omfatte påreknelege utgifter ved rivinga på Myklebust og for arbeidet med å gjere ei egra og skjerma ferdsselsåre til fots mellom VGS-bygget og det frigjorte utearealet på Myklebust.

Vanylven ungdomsskule – som me foreslår vert namn, organiserast som ei eiga eining frå skulestart 2022/23 (eller i alle fall seinast per 1.10.2022), på line med då dei tre andre skulane i kommunen. Det vil gje eit grunnskuletilskot frå staten på 2 mill. kroner i staden for 1,5 mill. over inntektssystemet, med verknad frå 2024 og ikkje 2025.

Rektor for ungdomsskulen vert rekruttert internt, dvs. at det ikkje skal verte fleire årsverk totalt sett i kommunen som følgje av dette organiseringsgrepet.